

Skjema for registrering av turar for born mellom 0-12 år

NAVN:	
ADRESSE:	
E-POST:	
TLF./MOBIL:	
ALDER:	

TURMÅL	DATO FOR BESØK (hugs at du også må skriva deg inn i boka)
Hjørnås - ved Røde Kors Hytta	
Osnes - Olav Vik området	
Drevåsen, lavo - Kyrping	
Skukkane - Oppheim	
Bruteigsteinen – på Frette	
Ytra Vannes, Skånevik	
Kjærlighetsstien i Skånevik – ved Gapahauken	
Dagsturhytta på Rus (Leiteshaug)	
Mjelkestølen	
Øvstebø	

(turbeskrivelsar ligg på facebook-sida vår, så ta ein liten kikk her om du er usikker på kor du skal gå. Dei ligg også ute i lista «Etne – Barnas turpostkassar sesongen 2024-2025» på UT.no)

Frist for innsending av skjema: 30 september 2025 (sesongen varar frå 1 oktober 2024 til 30 september 2025)

Premiering dersom du klarar minst 5 av turane!

Ferdig utfylt skjema sendes:

E-post: etne.turlag@dnt.no

Hugs å merke mailen med «Barnas turpostkassar»

Kontaktpersonar i Barnas Turlag Etne:

Linda Giersch (mobil 99430162) og Evy Hetland Hus

Informasjon om Barnas Turlag Etne:

<https://www.facebook.com/Barnasturlag.Etne/>



Håper vi sees!

Hilsen Turbo

Turbeskrivelser

1. **Hjørnås.** Kassen er på rekkverket til Røde Kors hytta. Kjør inn Litledalen, og opp til parkeringsplass på Hjørnås (parkeringsavgift pga bomveg). Gå opp grusveg, ta av til høgre før demning og opp til hytta. Her er det fint å gå med barnevogn, sykkel og rullestol. Ca. 1 km ein veg. God tur.
 2. **Osnes.** Kassen heng på eit tre ute på holmen, ved rasteplass. Gå gjerne frå Etne sentrum ut til Olav Vik stiftelsen på Osnes (el. kjør ut til parkeringsplass). Ved stiftelsens parkeringsplass, følg grusvei ned forbi paviljong mot sjøen og vidare ut til holmen. Går ein frå sentrum ca. 6km, rundtur. Frå parkeringsplass ca. 400 m ein veg. Fint for vogn, sykkel og rullestol. God tur.
 3. **Drevåsen, lavvo – på Kyrping.** Kassen heng oppe ved lavvoen. Parker på parkeringsplassen på Kyrping. Gå gjennom undergangen og følg grusvegen opp til lavvoen. Omlag 1 km ein veg, bratt opp lia. Det er lov å ete nistepakken inne i lavvoen.
 4. **Skukkane.** Skukkane (574 moh) når du enklast med utgangspunkt i parkeringa på Oppheim. Turen startar like bak servicebygget på parkeringa på Oppheim. Gå over bekken og følg merka sti og skilting oppover bjørkelia. Like over tregrensa finner du ei liten varde og skilt med "Skukkane". Ein kan og velge å gå grusvegen til Olalia fra parkeringa og opp til Røde Kors-hytta, og følge sti og skilting derifra. Turen kan fint gåes som en rundtur og tar eitt par timer med born. Ankomst: Ta av E134 og følg Olalivegen (skilta Olalia) og parker på parkeringsplassen på toppen. Husk parkeringsavgift.
 5. **Brusteigsteinen – på Frette.** Du kan parkere ved bedehuset/kapellet på Frette. Derfrå går ein på asfaltveg i ca 2 km. Ta til venstre ved brua før Flåte Gard, og følg elva opp til du ser Brusteigsteinen. Brusteigsteinen på Flote har det mest varierte biletfeltet i Etne med ringfigurar av fleire slag: skip, menneske, dyr, tre, øksar, lurar, fotsolar, spiralar, ovalfigurar og skålgroper. Brusteigsteinen ligg omlag 100 m ovanfor vegen ved garden. God Tur.
- 

6. **Ytra Vannes.** Rett før Skånevik ta av inn på Vannesvegen. Følg denne vegen i nesten 2 km kor det er parkering for 3-4 biler. Turen startar ført igjennom beite før ein kjem over på sti. Turen er lett kuppert i starten før stien går ned til Ytra Vannes. Her går ein igjennom grindar og inn gjennom tunet. God tur.
7. **Dagsturhytta på Leiteshaug.** Dagsturhytta når du enklast frå parkeringa i enden på Rusvegen (bompengar 40,-). Turen går på grusveg nesten heilt fram og er ca 1,3 km ein veg. Ta til venstre i krysset der grusvegen delar seg. Siste 100 meterane går på sti. Turen er lettgått og passar for både born og eldre sjølv om det er eit par litt bratte bakkar. Det er planlagt grusveg også siste stykke fram til hytta slik at det mogeleg med tilkomst for både barnevogn og rullestol.
8. **Kjærlighetsstien i Skånevik – ved Gapahauken.** Fin rundtur i Skånevik. Parker ved skulen eller ved idrettsbanen. Turen startar ein ved idrettsbanen. Følg grusvei opp forbi eit stort gjødsellager. Herifra følger ein gruset veg oppover. Langs vegen er det sett opp flotte bilder frå gamle dagar i Skånevik. Det er sett opp skilt inn til gapahuken, og turpostkassen heng på den. Fortsett turen vidare på grusveg bort til fellesfjosen. Herifra følger ein vegen forbi dørfabrikken, Milja Gard og kjem ned mot skulen. Her går ein til venstre over byggefelt tilbake til idrettsbanen. Rundturen er omlag 4 km.



9. **Mjelkestølen.** Mjelkestølen ligg på T-merka sti frå Skromme til Simlebu, omlag 2,5 kilometer og 270 høgdemeter frå Skromme. Det er omlag like langt på T-merka sti frå Rullestadjuvet, men denne er litt brattare.
10. **Øvstebø.** Kassen heng ved ei bru ca halvvegs i turløypa. Følg Strondavegen til Skånevik. Ta av frå Strondavegen ved skilt «Øvstebø». Køyr heilt til toppen og forbi løa. Her kan ein parkere ved skiltet. Turen startar her, og ein følger traktorvegen oppover. Mykje artig å sjå langs turstien, og det er mange fine rasteplassar her. Stien er bratt, men fin. Ein vel sjølv om ein vil snu ved postkassen, eller følge skilta heilt til topps. Turen er ca 2 km ein veg. God tur!

